



# OSTERØY IDROTTSLAG

SKIPA 1918

Utdrag frå årsmeldinga til skigruppa i O.I.L. -86.

Skigruppa i Osterøy I.L. kan sjå attende på eit godt og framgangsrikt år. Ver og føreforhold i sesongen var av dei betre, og oppslutnaden om arrangementa til gruppa har vore aukande. Dei resultatane løparane, serleg den yngre garde, har oppnådd, er truleg dei beste i O.I.L. si historie.

I dei lokale renna har Gjert Brandsdal 10 år, Johannes Mjelde 11 år og Ingvild Mjelde 12 år vore suverene i sine klassar. Det same kan seiast om Johnny Mostrøm i 14-års klasse yngre jun. 16 år. I 14-års klassen for gutar er det ein flokk på 4 - 5 lovande løparar som er så jamne at det er vanskeleg å peika ut nokon bestemann.

I større samanheng må nemnast at løparar frå Osterøy I.L. tok 5 individuelle krinsmeisterskap og eitt meisterskap i stafett.

Gjert Brandsdal	vart	krinsmeister	i	klasse	gutar	10	år.
Johannes Mjelde	"	"	"	"	"	11	"
Johnny Mostrøm	"	"	"	"	yngre jun.	16	år
Vinjar Borge	"	"	"	"	både på	15 og 30	km.

I tillegg til dette tok Ingvild Mjelde ein fin 2.-plass i K M klasse jenter 12 år.

I klasse gutar 10 og 11 år vart Eirik Åsheim, Gjert Brandsdal og Johannes Mjelde krinsmeistrar i stafett, og 1.-laget vårt i klasse 12 - 15 år fekk delt 3.-plass.

Johnny Mostrøm var og med på tevlingane i Vestlandske skistemna, og der vann han sin klasse.

3 løparar frå Osterøy I.L. vart uttekne til å delta i N.M. i langrenn sist vinter. Johnny Mostrøm starta i N.M. for jun. på Kongsberg der han vart nr. 92 av dei omlag 120 som fullførde. Ved N.M i Vang vart Vinjar Borge nr.37 og Rolf Skaftun nr. 79 på 30 km.

Hordaland Skikrins har teke ut 7 løparar frå Osterøy I.L. til krinsløparar komande sesong, og dei vil bli innkalla til treninssamlingar i krinsen sin regi.

Løparane er: Johannes Mjelde, Ingvild Mjelde, Helge Brandsdal, Johnny Mostrøm, Trond Inge Nilsen, Rolf Skaftun og Vinjar Borge.

For skigruppa

*Reidar Stall*